



SGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Gulen kommune

Strategi for utvikling av Gulatingset 2016-2020



Gulatinget er eitt av fire tidlegare landsdelsting. Det dekka på sitt største området frå og med Sunnmøre til Lyngdal samt Valdres, Hallingdal, Numedal og Vest-Telemark og delar av Vesterhavssøyane. Under landsdelstinget var det eit nettverk av fylkesting og ulike lokalting. Tingstaden for Guldinget var i det som no er Gulen kommune.

Gulatingslova er den eldste bevarte lovteksten i Norden.

Gulatinget og Gulatingslova representerer eit viktig kulturhistorisk element i utviklinga av rettsstat og styringssystem i Norge, og påverka også utviklinga i andre deler av nærområda våre. Tingtradisjonen låg også bak og påverka det som skjedde på Eidsvoll i 1814.

Denne strategien trekkjer opp mål og strategiar for vidare arbeid med å gjere denne delen av kulturhistoria vår betre kjend.

VISJON

Gulatinget med Tusenårsstaden skal vere ein møteplass for refleksjon, samhandling, kulturopplevelingar og utfaldning. Gulatinget skal byggje på eigne historiske og kulturelle verdiar, hente inspirasjon frå andre kulturar og representere verdiar for framtida.¹

GULATINGET SOM TUSENÅRSSTAD

I samband med innleiinga til det nye årtusenet, vart det peika ut og etablert fylkesvise og kommunale tusenårsstader i Noreg. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde vedtak om at det historiske Gulatinget skulle få status som tusenårsstad for fylket. Grunngjevinga var at Gulatinget representerer ein viktig del av framveksten av Noreg som rettsstat og nasjonalstat med m.a. tradisjonane med representative tingsamlingar.

Gulatingsarven er sentral i norsk historie, og det er fagleg og politisk semje om at denne arven skal formidlast sterkare i åra som kjem.

Tusenårsstaden Gulatinget vart etablert på Flolid i Gulen kommune, og opna i 2005 med monumentale installasjonar av skulptøren Bård Breivik. Dei majeistetiske installasjonane «Tingveggen», «Tinghella» og «Eldsirkelen» ber bod om den innverknaden Gulatinget har hatt for Noreg som nasjon. Kunstverka i seg sjølv er ei stor oppleveling.

Gulatingsarven og Tusenårsstaden femner om fleire fagfelt og tema som historie, politikk, arkeologi, rettslære, demokrati, samfunnsutvikling og kommunikasjon. Gulatinget har eit historisk perspektiv, men er også relevant og er ein inspirasjon i dag og i framtida.



¹ Jf St.meld. nr. 55 (1997-98), kap 3.5.1

HOVUDMÅL

Gulatinget forvaltar ein nasjonal og internasjonal arv som er av politisk, rettshistorisk, forsvarshistorisk, religionshistorisk og kulturhistorisk verdi.

Hovudmålet er å lyfte fram og formidle historia om Gulatinget, og med det syne dei verdiane Gulatinget representerte.



Naturleg amfi på Tusenårsstaden Gulatinget. Foto Sigrun Espe/Sogn og Fjordane fylkeskommune (cc-by-sa)

STADEN

Eivindvik var møtestaden for Gulatinget og her ligg den autentiske møtestaden. Her er to store steinkrossar og kyrkjested frå mellomalderen som underbygger tingstadfunksjonen. Historikarar hevdar at tinget blei etablert av Harald Hårfagre, men kjeldene er usikre, og tinget kan vere eldre.

Tusenårsstaden Gulatinget, også kalla Gulatingsparken, er ein markeringsstad for Gulatinget. Markeringsstaden er lagt til Flolid. Staden er utforma med kunstverk av Bård Breivik med tingvegg, scene, amfi og areal og fasilitetar for arrangement. Området synest vore tingstad ein periode før tinget blei flytta til Bergen.

LOVA

Gulatingslova er den eldste bevarte lovteksten i Norden. Lova har 13 bolkar om korleis saker og konfliktar skulle løysast i samfunnet. Nye emne som tekstar om leidang og kristendommen, kom til undervegs ettersom samfunnet endra seg.

Gulatingslova var iflg. Snorre, inspirasjon for lovteksten til Alltinget på Island omkring 930. Landslova av 1274 førte vidare rettspraksisen i Gulatingslova og gjaldt heilt til 1688 då

Christian Vs Norske lov trådde i kraft. Denne lova var gjeldande fram til Eidsvollsforstamlinga utarbeidde Grunnlova i 1814.

STRATEGIAR

Den vidare utviklinga av Gulatinget og Tusenårsstaden skal i åra som kjem, vere knytt til fagleg utvikling, formidling, verdiskaping og nettverksarbeid.

Fagleg utvikling og kunnskapsproduksjon

Mål: Gulatinget og Gulatingslova sin plass i samfunnsutviklinga er kjend og etablert.

Tinga og tingstadane har spelt ei sentral rolle for framveksten av demokratiet og rettsstaten. Tradisjonar og verdiar som rettsordningar, menneskeverd, ytringsfridom og sjølvstyre er ein del av tingtradisjonen som har påverka samfunnsutviklinga i Noreg og i våre naboland.

Tusenårsstaden Gulatinget må jobbe med å få fram ny og eksisterande kunnskap, og med å utvikle og sikre dei fysiske møteplassane som historiske reisemål. Dette kan skje gjennom samarbeid med relevante forskingsmiljø og andre relevante institusjonar.

Formidling

Mål: God og tydeleg informasjon på nett og ved attraksjonane gir målgruppene meir kunnskap om Gulatinget og om aktivitetar knytt til Gulatingslova, det autentiske Gulatinget og Tusenårsstaden.

Tusenårsstaden Gulatinget skal jobbe med fysisk og digital formidling. Fysisk formidling i form av skilt, publikasjonar, omvising, arrangement m.m. knyter det immaterielle - kunnskap og historier om lova og tradisjonane - til staden. Digital formidling via heimesider, sosiale medium, kart og ulike nettressursar utfyller det fysiske aspektet og skal sikre at kunnskap og informasjon er tilgjengeleg for alle, uavhengig av tid og stad.

Basert på fagleg innhald og formidlingsopplegg vil Tusenårsstaden Gulatinget utarbeide pedagogiske opplegg for skuleelevar.



Foto David Zadig (cc-by-sa)

Verdiskaping og lokal næringsutvikling

Mål: Gulatinget er eit attraktivt reisemål og ein arena for aktivitet og utfalding.

Mange reisande ønskjer opplevelingar knytt til reisemål. Arbeidet Tusenårsstaden Gulatinget legg ned i fagleg utvikling skal bidra til lokal og regional verdiskaping ved at fleire besøkjer staden og nyttar seg av lokale servicetilbod. Samarbeid mellom kommunen og dei lokal aktørane er prioritert.



Badeplace og gjestehamn på Tusenårsstaden Gulatinget. Foto David Zadig (cc-by-sa)

Nettverksarbeid

Mål: Gulatinget er ein aktiv part i levande tingstadnettverk i Noreg og internasjonalt.

Tusenårsstaden Gulatinget skal samarbeide med lokale, regionale, nasjonale og internasjonale aktørar. Gulatinget skal ta vare på og vidareutvikle det internasjonale tingstadnettverket saman med dei andre aktørane, og ta på seg eit koordineringsansvar i eit nytt nasjonalt tingstadnettverk.

MÅLGRUPPER

Gjennom det strategiske arbeidet skal vi nå ulike målgrupper med målretta tiltak. Prioriterte målgrupper er:

- born og unge
- aktuelle fagmiljø
- historie- og kulturinteresserte, friluftsinteresserte
- reisande/turistar
- innbyggjarar og næringslivsaktørar i regionen



Gulen kommune

Telefon 57 78 20 00
E-post: postmottak@gulen.kommune.no

www.gulatinget.no



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Telefon: 57 63 80 00
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Framsidefoto: Gulatings Millennium Park
Foto: Thing Sites